

«Å, kom nå til lovsang» Julekonsert Knarvik kyrkje

divisi

PROSJEKTPLAN

26. november 2016 arrangerer koret divisi julekonserten «Å, kom nå til lovsang» i Knarvik kyrkje. Denne konserten er del av ein større turnè med konsertar også på Straume Forum (Fjell) og Bygstad kyrkje (Gaular). Saman med ulike musikalske aktørar innbyr me til ein variert konsert med både kjende og kjære julesongar og nyare musikk.

Om divisi:

Koret divisi blei stifta tilbake i 1983 og har sidan då presentert nærare 350 konsertar og 11 plateproduksjonar. divisi består i dag av kring 20 amatører songarar i alderen 20-50 år som kjem frå heile landet. Koret møtest til øvings- og konserthelgar fem gonger i løpet av året. Høg kvalitet og stor musikalsk breidde er viktige pilarar i korarbeidet. Både klassiske korverk, gospel, jazz, salmar og folketonar har difor ein naturleg plass i repertoaret. divisi står Bildøy Bibelskule og Indremisjonsforbundet men blir drive av kormedlemene sjølve gjennom stor frivillig innsats.

Dirigent i koret er Jostein Myklebust. Han har si musikalske utdanning frå Griegakademiet i Bergen og universitetet i Stavanger med vekt på song og kordireksjon. Myklebust jobbar til dagleg som lærar ved musikklinja på Skeisvang vidaregåande skule i Haugesund og kyrkjemusikar/dirigent i Veavågen kyrkjelyd.

Om konserten:

I 2010 kom divisi ut med si juleplate «Mot Betlehem», ei live-innspeling frå Utstein kloster med kor, strykekvartett og piano. Her blir kjende juleklassikarar presentert i nye vakre arrangement signert Eirik Berge, i tillegg til fleire julesongar av den britiske komponisten John Rutter, denne gongen i norsk omsetjing. Denne variasjonen mellom kjende og kjære songar frå vår eigen julesongtradisjon og britisk kormusikk vil også kjenneteikne denne konserten, der det også vil bli instrumentalmusikk ved ensemblet 1B1 og smakebitar frå oratoriet Händels Messias. Ynskjemalet er slik å gje publikum ei oppleving av julebodskapen gjennom ulike uttrykksformer, frå den våre julesongen til det storslagne «Hallelujakoret» og der publikum også sjølve kan få kjenne på musikkglede gjennom å delta i allsong.

Lokale samarbeidsaktørar:

divisi ynskjer å leggje til rette for samarbeid både med profesjonelle musikarar, men ikkje minst også knyte kontakt med lokalt musikkliv til felles inspirasjon. Me er difor svært glade for å få samarbeide med den lokale trompetisten Vegard Feste, organist i Knarvik Odd Leif Mjøs og Alversund kammerkor. Koret vil bidra med eige repertoar og i fellesnummer med divisi.

Andre medverkande musikarar:

Tone Synneve Myklebust

Ho har bachelor i utøvande piano frå Griegakademiet i Bergen og University of Michigan, USA. Ho har lang erfaring som korpianist og akkompagnatør og jobbar for tida i Stord kulturskule som pianolærar.

Strykarar frå Ensemblet 1B1

1B1 er eit anerkjent strykeensemble grunnlagt i Stavanger i 2008. Det sameinar musikarar som underviser ved Universitetet i Stavanger, deira dyktige musikkstudentar samt musikarar frå Stavanger Symfoniorkester. Grunnleggjar og kunstnerisk leiar er fiolinisten Jan Bjøranger. 1B1 har mellom anna fått Spellemannprisen for albumet «Holberg Variations».

Ansvarstilhøve

Koret divisi er arrangør av denne konsertturnèen. Det er sett ned ein turnèkomitè bestående av 4 kormedlemar leia av Jarle Fretland Alme (Vognstølbakken 9, 5096 Bergen). Komitèen er ansvarleg for planlegging, økonomi og gjennomføring av konsertprosjektet, i tillegg til styret i divisi leia av Anne Grete Hoelgaard (Fylkeslege Ebbelsgt 5d, 4019 Stavanger).

Finansieringsplan

Alt planleggingsarbeid for konsertturnèen og mykje av tilrettelegginga og den praktiske gjennomføringa i forhold til blant anna kost og losji vil bli gjort på dugnad. I tillegg bidreg kormedlemene sjølve med medlemskontigent/samlingsavgift (årleg kr.4500,- per medlem)

Det er søkt om støtte frå Hordaland Fylkeskommune, Norges Korforbund og dei respektive kommunar. I tillegg er det sendt sponsorsøknader til aktuelle lokale/regionale bedrifter samt aktuelle fond/legat. Billettsal utgjer hovudposten på inntektssida i budsjettet og marknadsføringsarbeidet blir dermed viktig. I tillegg til tradisjonell marknadsføring gjennom annonser, plakatar og flyers blir det lagt mykje vekt på profilering gjennom sosiale medier. Vi vil også jobbe aktivt opp mot medier som avis/radio med mål om redaksjonell omtale av konsertprosjektet.



Julekonsertturnè 25.-27. november 2016 Bygstad- Knarvik – Straume

	Totalt	Per konsert	Kommentar
INNETEKTER			
Medlemskontigent	-10 000,00	-3 333,00	
Billettinntekter	-72 000,00	-24 000,00	3 konsertar x 120 personar x 200,-
Sponsorar / gåver	-18 500,00	-6 166,00	
Offentleg støtte	-30 000,00	-10 000,00	
Sum Inntekter	-130 500,00	-43 499,00	
KOSTNADER			
Leige konsertlokale	10 000,00	3 333,00	
Leige lydanlegg	10 000,00	3 333,00	
Honorar musikarar	50 000,00	16 666,00	
Annonser / PR-materiell	12 500,00	4 166,00	
Reiseutgifter dirigent / musikarar	7 500,00	2 500,00	
Reiseutgifter divisi	29 000,00	9 666,00	
Kost og losji dirigent /musikarar	6 000,00	2 000,00	
Kost og losji divisi	5 000,00	1 666,00	
Diverse administrasjonskostnader	500,00	166,00	
Sum Kostnader	130 500,00	43 496,00	
Resultat	0,00	3,00	
